



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 24 40 06
Telefon ktr.: 22 24 40 37
Telefaks: 22 24 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 22. mars 1996

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Måndag 25. mars kl. 12.00 deltek statsministeren når president Boris Jeltsin vert teken imot av kongen på Slottsplassen i Oslo, som innleiing til den russiske statsvitjinga. Kl. 20.00 er statsministeren gjest ved kongeparet sin gallamiddag i høve presidentvitjinga, i Artillerimagasinet på Akershus festning.

Tysdag 26. mars kl. 09.00 tek statsministeren imot president Jeltsin til samtalar på Statsministerens kontor. Presseopplegget her er del av det sams presseprogrammet for presidentvitjinga, og berre akkreditert presse vil ha tilgjenge. Presseopplegget ved kontoret er dette: høve for akkreditert presse til å fotografere idet statsministeren møter presidenten utanfor høgblokka i Regjeringskvartalet, fotopool ved innleiing til samtalar (ca. kl. 09.05) og ved avtaleunderteikning (ca. kl. 11.00), kort møte med akkreditert presse i lobbyen i 1. etasje (ca. kl. 11.15).

Tysdag 26. mars kl. 13.00 er statsministeren vert for Regjeringa sin lunsj i høve presidentvitjinga, på Bristol Hotell. Ein fotopool får høve til å arbeide ved innleiinga og under talane.

For akkreditering, poolsamansetjing og sams presseprogram, viser vi til Utanriksdepartementet/presseseksjonen, telefon 22 24 31 41.